

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 15. mai 2025 kl. 19.00 - 21.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Bjarne
Kaffi og kjeks:	Fridleif

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Desse møte: Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Roald Sangolt, Fridleif Lydersen (sokneprest).

Forfall: Heine Kaldefoss, Marit M. Romfog

Prost, Arild Steinsland blei med på møtet, starta med sak **2025/20 – 361**

SAKLISTE

2025/17 – 350 Søknad frå Sanctus. Vedtak gjort i AU.
Sanctus har i forbindelse med konsert 11.mai søkt og fått invilga å bruka inntil 15.000 kr frå «potten» kyrkjemusikk dersom dei ikkje får innvilga støtten dei har søkt om frå «aktivitetsmidlar for kor».

Vedtak: Soknerådet tek informasjonen til vitande. Ønsker søknad i god tid neste gong.

2025/18 Informasjon om at dato for takkoffer til for misjonsprosjekt er bytta
04.Mai og 1.juni blir bytta.

2025/19 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

vedtak: Godkjent.

2025/20 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 6.mars 2025

Vedtak: Godkjent.

2025/21 – 361 «Ungdomsår i prostiet»
Saksutgreiing: Arild Steinsland kjem og fortel om satsningsprosjektet "ungdomsår" i sunnhordland prosti som skal vara over to år. Han held eit fort foredrag om ungdomskultur.

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Ønsker skriftleg tilbakemelding på:

1. Kva gjer me for ungdom
-Dele gode historiar for ungdom i vår kyrkjelyd
2. Kva kan vi gjerefor ungdom i vår kyrkjelyd?
3. Kan ungdom utfordrast til å vere med på detiltaket/gudstenesten vi allereie planlegg å gjennomføre?

Vedtak: Soknerådet tek informasjonen til vitande.

2025/22 -

Saksutgreiing:

Satsingar

«Kyrka vår»-komiteen legg fram det dei har arbeidet med siden sist møte og me tar ein vurdering av kva satsingar me vil velje å satse på.

Vedtak:

Soknerådet vel å utsetje behandling av denne saka til hausten.

2025/23 - 411

Saksutgreiing:

Lys-sandkasse

Me har fått eit tilbod hos Podlen verkstad på lys-sandkasse. Dei har vore å tatt mål og vedlagt ligg forslag og tilbod.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner tilbodet med nye ønsker om ny pris ikkje overstig 10 000. Ønsker den kan lagast i MDF istadenfor kryssfiner for å få glatt overflate med jamn farge. Vurdere om høgde skal takast ned.

2025/24 - 012

Saksutgreiing:

Datoer for soknerådsmøter hausten 2025

Au foreslår desse datoene for hausten:

4.september
30.oktober
27.november

I tillegg kan ein merka seg desse datoene:
13. september Medarbeidersamling
16. oktober Prostidag
24.-26. oktober kyrkjelydsleir

Soknerådsmøtene vert kl 19.00 – 21.00 i Nysæter kyrkje

Vedtak:

Soknerådet godkjenner møteplan for hausten 2025

2025/25 - 317

Saksutgreiing:

Gudsteneste og takkofferliste

Vedlagt ligger gudstenesteliste for hausten 2025. Det er ikkje utarbeida takkofferliste.

Vedtak: Soknerådet godkjenner gudstenestelista med ønske om eigen minnegudsteneste for Nysæter kyrkje Gjev Bjarne og Fridleif oppdrag om å sette opp takkofferliste ut i frå retningslinjene for takkoffer.

2025/26 - 010

Saksutgreiing:

Sommarfullmakt

Nysæter sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet, fram til første soknerådsmøte etter sommarferien. Fullmakter er avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

reglement har høve til å delegere. Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møte etter sommarferien.

Vedtak: Soknerådet godkjenner sommarfullmakt

2025/27 - Lys i kyrkjerommet
Saksutgreiing: Det er fleire lys som ikkje lyser i kyrkjerommet.

Vedtak: Soknerådet ber fellesrådet om informasjon om kva som skjer med saken og oppfordrar til fortgang i prosessen med å få dette på plass.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. 17.mai frukost.

Starter 08.30. Alle som kjem tar med påleggssfat. Ønsker at info om 17-Mai frokost i kyrkja skal stå i 17.Mai program til neste år.

2. Fridleif informerer frå staben

For tida er det konfirmasjon i fokus

Det er ting som ikkje blir gjort på grunn av fråfall i stab.

Fridleif har søkt ny jobb, kjem med info når han veit meir.

Referat:
Ida Elin Hatlevik Tvedt

Neste møte i Nysæter sokneråd
Tid: 04.09.2025 kl 19.00-21.00
Stad: Nysæter kyrkje
Opning: Sigrid

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Gudsteneste- og takkofferliste haust 2025

Dato	Tid	Tema	Takkoffer
13. juli	kl.11:00		Kyrkjelydsarbeidet
27. juli	kl.11:00		Kyrkjemusikalsk arbeid
10. aug.	kl.11:00		Kyrkjelydsarbeidet
17. aug.	kl.11:00	Konf. Presentasjon	Kirkens Bymisjon lokalt
31. aug.	kl.11:00		Kyrkjelydsarbeidet
07. sep.	kl.11:00	Vervagudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet og Sjømannskirken
14. sep.	kl.11:00	T4	Trusopplæring
21. sep.	kl.11:00	NMS deltek	Misjonsprosjektet
28. sep.	kl.11:00	Unge vaksne	Barne- og ungdomsarbeidet
12. okt.	kl.11:00		Kyrkjelydsarbeidet
19. okt.	kl.11:00	Haustattakkefest/ Diakoniens dag	Speideren lokalt
26. okt.	kl.11:00	Kyrkjelydshelg	Misjonsprosjektet
29. okt.	kl.19:00	Taizemesse	(Ikkje takkoffer)
02. nov.	kl.11:00		Normisjon
09. nov.	kl.11:00	T11	Trusopplæring
16. nov.	kl.11:00		Sanctus
23. nov.	kl.11:00	Søndagskulens dag	Søndagsskulen lokalt
30. nov.	kl.11:00		Kyrkjelydsarbeidet
07. des.	kl.19:00	Lysmesse	Barne- og ungdomsarbeidet
14. des.	kl.11:00	Happy	Diakoni lokalt
24. des.	kl.14:30		Kirkens Nødhjelp
24. des.	kl.16:00		Kirkens Nødhjelp
25. des.	kl.12:00		Misjonsprosjektet